



smuldrende tømmerstokker hvasket der var en gang.» Og for far måtte det vera rart å tenkje attende til dei dagane han sprang omkring der i labbar, som brukvisen var, og gjette sau og ku. Og «Fjell-Mari» med den store sauhopen sin som om kveldane vart samla i grinda på Sausetra -- ho sola labbane til far med skinn når foten vart for sår.

Sausetra rotna ned, berre nokre murstøytar stod att. Men ho var likevel merka av på kartet, slik at nokre turistar som kom frå Jøldalen og etla seg til å eta rømme der, fekk sanna at ein ikkje bør sleike seg før ein er smurt.

Vi gjekk til Langholtsetra. Folket der var sambygdingar med far frå Rindalen. Eit traug med stor fjellaure fiska i tjønna, vart sett fram. Spekkjande feit og raud i kjøtet. Ulik småtitene vi angla opp i Resa. Det var kveld. Men sola lova godver da ho glådde. Og det vart det.

Og tidleg var vi på ferdafot neste morgonen. Oppstiginga til Langfjellet gjekk lett herifrå. Verre var det å koma seg opp denne nasen på Trollhetta. Men det gjekk det med. Først var det å kravle seg ned i eit skar på kanten av eit stup. Og så opp nasen, ei bratt ur. Det tok ein halv time, og vi stod på toppen. Her var mykje nytt å sjå for oss unge. Tett nedom og framfor oss Folldalen. Så nære innpå at det så ut som vi kunne hoppe nedi den. Men Folldalen var ingen bekkdal som Resdalen — ein elvadal var det, stor og brei som dalen vår heime. Men sjå fjellet vårt herifrå! Ei ynkeleg lita tuve å sjå til, Resfjellet, Meldalen sitt Fudsijjama, kor sola dansa påskemorgonen.

Men bortom Folldalen stikk Snota fram. Det er noko anna til fjell. Namnet kjende vi frå før. «Snota» var den kanten som stakk fram i åren i stugu vår heime. Når ein sette seg på «Snota», hadde ein rett til å seia kva ein ville. Tru om det var slik med fjellet Snota? Eg kom aldri til å prøve. Min fot har aldri vore på toppen av dette vakre, ruvande fjellet. Men skoene mine, eit par gode «gå-på-land» snørestøvler, har eingong langt seinare vore der, utlånt til ein god ven. Dei kunne fortelle at ura dit opp var full av kvasse steinar som stod på kant med forretningsenden opp.

Men attende til Trollhetta. Det var trøytsamt å dra seg på buken

ut på stupet og sjå ned. I botnen ei lita, rund tjønn. Ho var grøn først vi kika ned, men så tok ho til å skifte leter. Eit troll til ei tjønn var det. Vi prøva oss på kaste stein ned på ho. Men steinane rokk ikkje fram. Vi høyrde dei krasa mot ura langt nede. Så vart det dørgande stilt ei stund. Så kom eit drønn. Steinane var altså enda på tur nedover. Det måtte vera fælt så langt ned til denne tjønna, og steinane vart knasa i bitar før dei kom ned dit. Rart var det å ligge der utpå kanten. Ein kjende som noko drog ein for å få ein utfor. Å, for ein herleg fart gjennom lufta, men til slutt bli klest i steinura. Nei, vi har noko ulevd enno. Ein gutunge er dristig, ofte dumdristig, men glad i livet. Far ropa: Kom! Vi må sjå oss nedatt. Det lid på dag. Leiken på bråstupet var slutt, og det tok ikkje lang tida å koma seg ned i Bjønnaå til Setersetra. Der vanka det rømmegraut til kvelds.

Dagen etter var vi attkomne til Kvilingbakken, og det var godt å kvile ut, serleg for far. Vi ungane var like spreke da vi hadde ete oss mette. Dette var den første gongen eg var på toppen. «Første gang det gir så mangen småting rang». For far var det den siste —.

Siste gongen eg var der oppe tok eg sjølsmine born med. Vi gjekk frå Krokbekksetra ved Resvatnet ein fin haustkveld, og laga det slik at vi såg solrenninga frå toppen av Trollhetta. De var femti år seinare. Eit halvt hundre år er ikkje langt tidsrom i fjellet si soge, der ein reknar med millionar av år. Men du store verden for omkverve i folkelivet i denne tidbolken. For meg låg eit liv og eit livsyrke mellom første og siste gongen. Og tankane samla seg i eit attersyn. Goethe i Faust og Vinje ved Rondane kunne tolka sitt syn i råmande ordbilete. Eg evna ikkje det. Men eg kjende ein skjelv kring munnen, og dogg i augo. Det er så rart med det —.

Langt borte blinka havet. Berre som ei smal stripe å sjå til. Men det var der da. Og med i bildet. Himmel, hav og fjell. Og da sola rann over fjella nordan Trondheimsfjorden, var ljuset så bjart at det blenda auga. Det svartna for synet så vi tenkte vi vart blinde. «Dei gamle fjell i syningom, er alltid eins å sjå». Å nei, gamle Ivar, alt svinner hen. Intet består, lærte Heraklit, filosofiens far. Og han har rett. Også Trollhetta blir jamna ned. Vind og frost slit og sprenger til ho eingong er jamna til havsyta.